Varsel om oppstart
Informasjonsbrev

Detaljregulering for Tursti langs Byglandsfjord
Bygland kommune

29.10.2026

Trollvegg Arkitektstudio AS er blitt engasjert av Bygland kommune i forbindelse med detaljregulering for Tursti langs Byglandsfjord.

Sidan kommunen er forslagsstillar, er det ikkje krav om planinitiativ eller oppstartsmøte. For å synleggjere formålet med planen, og viktige omsyn, er det derfor utarbeida eit informasjonsbrev, som følgjer ved varsel om oppstart.

Innhald

1. Formålet med planen 3

2. Planområdet 4

3. Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak 5

4. Vesentlege interesser som råkast av planinitiativet 12

4.1 Gytefelt – bleke 12

4.2 Kulturminne 13

4.3 Kantsone langs sjø og vassdrag 15

4.4 Vassforskrifta 16

5. Samfunnssikkerhet - risiko og sårbarhet 16

6. Vurdering av forskrift om konsekvensutredning 16

1. Formålet med planen

Formålet med planarbeidet er å regulere tursti frå stasjonsområdet ned til riksveg 9. Om lag 900m av stien følgjer eksisterande veg/ tursti, som ligg igjen frå den gamle jernbanelinja, og 4-500m er ny sti. Der stien følgjer eksisterande veg/ sti, er formålet med planen og forenkle byggesak med omsyn til vedlikehald. Der ein etablerer ny sti, er formålet å etablere ein sti som er betre tilrettelagt for ulike behov, og for å skape ein attraktiv elvesti.

Det er også eit mål å avsette areal til ein sosial møteplass, samt regulere dagens situasjon i deler av områda langs turvegen. Ved brygga ved stasjonsområdet er det eit mål å utforme planen på ein måte som legg til rette for re-etablering av den gamle brygga som vart nytta i tilknyting til togstasjonen.

Det er utarbeida eit utkast til plankart, samt illustrasjonar for delar av den nye stien. Dette er eit utkast ein ynskjer tilbakemelding på. Samstundes er det viktig å presisere at dette er eit utkast, og det kan komme endringar før planen vert behandla politisk.

I 2020 vedtok kommunestyret at det skulle leggjast til rette for turveg frå Bjorenhuset i nord og heilt fram til der den gamle togtraseen møter riksveg 9. Gjennom seinare vedtak er det mellom anna gjort lempingar i krava til breidde og dimensjonering knytt til moglegheita for brøyting. Dette er gjort for å redusere inngrepa i naturen og redusere kostnad. I tillegg er strekninga frå Bjorenhuset og langs bustadene mot stasjonsområdet teken ut av prosjektet.



Figur 1 Illustrasjon av mogleg utforming av ny sti ved Senumsbrua

2. Planområdet

Planområdet er avgrensa med omsyn til sikring og etablering av turstien og tilgrensande område.




Figur 2 Forslag til plangrense

Planområdet gjelder heile eller deler av:

- Gnr./bnr. 69/4, 69/8, 69/45, 69/48, 69/173, 69/201, 69/296, 69/300, 69/321, 69/327, 69/328, 69/348, 69/349 og 601/305

3. Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak


Nedanfor er dei ulike delane av planen omtala i korte trekk. Illustrasjonen nedanfor syner dei ulike delområda som vert omtala.



Figur 3 Flyfoto med dei ulike delområda markert

Del 1

Turveg regulerast langs eksisterande trasé.



Figur 4 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 1

Del 2

Eksisterande båtslepp og brygge regulerast etter dagens situasjon. Det blir eit kombinert formål mellom tursti og snuareal for bilar (o_SK1), slik det er i dag.



Figur 5 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 2

Del 3


Byglandsfjord stasjons venner jobbar med å få til ei gjenoppbygging av den gamle brygga. Det er eit mål at planen skal legge til rette for at dette kan gjerast i tråd med planen. Ein kan sjå den gamle brygga på historiske flyfoto frå 1958 og 1963 (eksempelvis på kart.1881.no). Det er også ønskjeleg å legge til rette for å kunne gjenoppbygge den gamle omlastingsbua, som sto ved brygga.



Figur 6 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 3

Del 4

Eksisterande brygge/ småbåthamn leggjast inn i planen.



Figur 7 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 4

Del 5

Eksisterande sti er smal, bratt og lite synleg. Her ynskjer ein å få til ein ny sti som både koplar seg på undergangen og eksisterande brygge, med bredder og stigning som er universelt utforma. Ein vurderer også å utvide småbåthamna ned til brua.



Figur 8 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 5

Illustrasjonen nedanfor syner ei mogleg utforming av ny sti.



Figur 9 Illustrasjon frå 3D-modell – delområde 5

Del 6

I dag er det ein bratt veg frå undergangen opp til reinseanlegget. I den nye planen ynskjer ein å etablere sti mellom fjorden og reinseanlegget, med bredder og stigning som er universelt utforma. Heile reinseanlegget vert også med i planen, slik at ny plan stemmer betre med eksisterande situasjon, enn det gjeldande plan gjer.



Figur 10 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 6

Illustrasjonen nedanfor syner ei mogleg utforming av ny sti.



Figur 11 Illustrasjon frå 3D-modell – delområde 6

Del 7

Ny sti vil følgje eksisterande sti i så stor grad som mogleg, men med utvida bredde og grus. Her vil ein ikkje fastsetje nøyaktig plassering i reguleringsplanen, slik at ein kan tilpasse stien til eksisterande trær så godt som mogleg når stien skal byggjast.



Figur 12 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 7

Del 8

Eksisterande gapahuk leggjast inn i plankartet. Den eksisterande stien går tett langs vatnet. Sidan kantsona er utsett for erosjon i dette området, vil ein leggje den nye stien lengre inn i skogen, og avsetje kantsona til bevaring av eksisterande trær.



Figur 13 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 8

Del 9

Ved pumpestasjonen er det ein eksisterande grusplass som vert nytta til lagring av diverse ting. Dette området er tenkt som aktivitetsområde. Til dømes tuftepark. Planen vil ikkje setje strenge føringar for kva aktivitet ein skal legge til rette for. I området er det også ein bratt sti opp til Hampetjønnvegen. Her ynskjer ein å leggje til rette for ein slakare sti og betre forbindelse. Ein slik sti vil råke delar av eksisterande bustadtomt. Ein ser for seg at dette arealet kan erstattast oppe ved vegen.



Figur 14 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 9


Illustrasjonen nedanfor syner ei mogleg utforming av ny sti.



Figur 15 Illustrasjon frå 3D-modell – delområde 9

Del 10


Langs vatnet på nedsida av Hampetjønnvegen er det avsett areal til småbåthamn i kommuneplanen. Her ynskjer ein å detaljregulere denne. Det vil være mest aktuelt med flytebrygger med utriggarar, som kan tas opp frå vatnet utanfor sesongen. Området angitt med ASB (smalt oransje felt oppe til venstre) i biletet er tenkt som areal for vinterlagring av bryggene. Stien følgjer eksisterande sti/ den gamle jernbanelinja. I aust etablerast ei offentleg parkering. Eksisterande båtslepp ved brua er lagt inn. Eksisterande sti opp til Hampetjønnvegen er teikna inn. Stien forlengast ned til den gåmle jernbanelinja, slik at ein ikkje treng å gå rett ut på vegen.



Figur 16 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 10

Del 11

Resten av stien fram til den møter riksveg 9 regulerast etter dagens situasjon. Her er det viktigaste at ein kan vedlikehalde vegen og murar i tråd med planen. Småbåthavna som ligg aust for Hampetjønnvegen i kommuneplanen vert ikkje detaljregulert.



Figur 17 Flyfoto samt utkast til plankart – delområde 11


4. Vesentlege interesser som råkast av planinitiativet

Fleire av dei sentrale punkta for planen er kommentert med foreløpige vurderingar nedanfor.

4.1 Gytefelt – bleke

I kommuneplanens arealdel er det angitt omsynssone naturmiljø langs delar av planområdet. Omsynssona er angitt som gyte- og oppvekstområde for bleke, med følgjande retningslinje:

«Før eventuelle tiltak og inngrep i områda, så skal Bygland kommune uttale seg og bistå med å finne løysingar som tar i vare bleka sitt gyte- og oppvekstområde.»




Figur 18 Omsynssone naturmiljø i kommuneplanen

Kommunens fiske- og vassdragsforvaltar har følgjande vurderingar knytt til bleke:
I strandsona der tiltak er vurdert er det ikkje registrert gyteområde til bleke. Dokumenterte og tilrettelagde gyteområde for bleke finst i djupare delar av elva der vasstraumen er sterkare (figur 19.).

Strandsona i det aktuelle området ligg innanfor reguleringssona til fjorden og fungerer som oppvekst- og beiteområde for både bleke og aure ved høg vasstand, særleg i sommerhalvåret ved «sommervasstand».

Dersom det vert gjennomført ei avgrensa utfylling i strandsona, bør fyllmassane bestå av grovare steinmateriale som kan fungere som skjul- og oppveksthabitat for fisk. Ei slik utforming kan bidra til å oppretthalde, eller potensielt forbetre, kvaliteten på oppveksthabitatet for fisk i strandsona.




Figur 19 Dokumenterte og tilrettelagde gyteområde for bleke (blå markering) ved Senum bru.

Førebels vurderingar knytt til prosjektet:
Ein ynskjer å følgje anbefalingane, ved å ha ei grovare steinfylling der turstien ligg heilt i kanten og i vatnet. Alternativet er å etablere steinmur, for å redusere arealet av vatnet som vert råka.

4.2 Kulturminne


Jernbanestasjonen



Figur 20 Utsnitt frå kulturminnesøk.no

Området er vedtaksfreda. Grensa går omtrent i midten av stien/ vegen. Deler av området vil regulerast til tursti og snuplass knytt til båtrampa. Det skal ikkje leggjast opp til endringar frå dagens situasjon, men ein skal tillata vedlikehald.

Aktivitetsområde – steinalderen – mellom Senumsvegen og vegen til Vassendøya



Figur 21 Utsnitt frå kulturminnesøk.no

Det er tri aktivitetsområde som ligg heilt eller delvis under vann ved høg vasstand (hrv). Ved låg vasstand er meir av terrenget over vatn.

Det vil ikkje bli lagt til rette for tiltak innanfor sikringssona til kulturminnet i nord og i søraust. Kulturminnet som ligg like ved renseanlegget kan bli delvis råka. Dersom ein legg opp til etablering av mur på begge sider av stien, vil sannsynlegvis berre sikringssona bli råka. Dersom ein legg opp til ein kombinasjon av mur og fylling, syner førebelse skisser at ein er utanfor sjølve kulturminnet, men ein er under 1m ifrå. Det er ynskjeleg med dialog med Agder fylkeskommune rundt korleis ein kan få til ei god løysing.

Aktivitetsområde – steinalderen – mellom vegen til Vassendøya og riksveg 9

Det er tri aktivitetsområder som ligg heilt eller delvis under vann ved høg vasstand (hrv) langs den gamle jernbanevegen sør for brua til Vassendøya. Ved låg vasstand er meir av terrenget over vatn.

Eksisterande sti/ den gamle jernbanelinja går delvis inn i sikringssona til to av områda. Her ønskjer ein å tillate vedlikehald av eksisterande sti.

Området i midten vert ikkje råka.



Figur 22 Utsnitt frå kulturminnesøk.no

Funnstad – steinalderen – uavklart vernestatus

Funnstaden ligg på eit jorde. Ein ser ikkje for seg andre tiltak innanfor området.

4.3 Kantsone langs sjø og vassdrag

Vassressursloven § 11 seier følgjande:
Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.

Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.

Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle frita for kravet i første ledd.

Så langt det er mogleg, vil ein forsøke å oppretthalda eit naturleg vegetasjonsbelte mellom stien og fjorden. Både nord og sør for Senumsbrua, er det eit parti der ein ikkje har moglegheit til å oppretthalda eit vegetasjonsbelte. Ein er nøydd til å etablere stien i kantsona/ delvis ut i vatn. Dette må gjerast for å sikre stigningsforhold som følgjer krav til universell utforming, og for å etablere stien utan konflikt med renseanlegget. Stien er fyrst og fremst ein elvesti for ålmennheita, og den vurderast derfor å stå i nødvendig samanheng med vassdraget. I søraust vil ein likevel trekke stien lengre bort frå vasskanten, for å redusera behovet for større erosjonssikringstiltak.

4.4 Vassforskrifta

Tiltaket skjer i vassførekomsten Byglandsfjorden, 021-1063-L, som jf. vann-nett dekker eit areal på 33,66 km^2 og har moderat økologisk tilstand. Vann-nett viser til at den moderate tilstanden skuldas ei fagleg vurdering av tilstanden på fiskesamfunna, kor det er vanskeleg å vurdere nåverande tilstand då det ikkje finnes tilstrekkeleg god dokumentasjon av naturtilstand, og som er påverka av både introduserte arter, regulering og forsuring. Øvrige kvalitetselement som dannar grunnlag for økologisk tilstand har god eller svært god tilstand. Tilstanden er etter kommunens syn godt dokumentert via jamlege økostor undersøkingar, via nyleg gjennomført resipientundersøking, samt jamlege undersøkingar i regi av blekeprosjektet. Kommunen har ut frå dette vurdert at det relativt avgrensa tiltaket ikkje vil ha negativ effekt på ein innsjø av dette omfang i en grad så tilstanden vil kunne forringas eller gjere det vanskelegare å oppnå miljømålet. Kommunen meiner heller ikkje at eit avgrensa mengde nye båtplassar vil kunne påverke miljøtilstanden. Med bakgrunn i desse vurderingar, ser kommunen derfor ikkje utfordringar i forhold til vassforskrifta.

5. Samfunnssikkerheit - risiko og sårbarheit

Det vil i planprosessen utarbeidast ei ROS-analyse for å ivareta risiko og sårbarheit.

Nesten heile området er omfatta av fareområde for flaum. Ein vil ikkje kunne etablere stien over flaumsikker høgde, og stien må byggjast på ein måte så den toler å stå under vann ved store flaumhendingar.

Nord for Senumsbrua er det enkelte stader ein har etablert erosjonssikring. Like ved brua er det etablert ei grov steinfylling. Lengre nord er det etablert natursteinsmur.

Nye tiltak er i all hovudsak tenkt frå enden av eksisterande brygge og mot sør. Frå nordsida av Senumsbrua og forbi reinseanlegget, vil ein erosjonssikre med grov steinfylling og natursteinsmur. Sør for reinseanlegget, vil ein legge stien eit stykke inn på land, slik at ein beheld ei naturleg vegetert kantsone.

Området er ikkje omfatta av aktsemdområde for skred.

6. Vurdering av forskrift om konsekvensutredning

Planforslaget utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter §6 (tiltak i vedlegg I) i forskrift om konsekvensutgreiingar, då ingen av punkta i vedlegg I er relevante for planen.

I medhald av §8, skal planforslaget konsekvensutgreiast dersom det omfattar tiltak lista i vedlegg II, og ein vurderer at tiltaka kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Planforslaget omfattar følgjande tiltak i vedlegg II:

- Punkt 11, c: Renseanlegg for spillvann.
- Punkt 12, b: Lystbåthamner
- Punkt 13: Utviding eller endring av tiltak nemnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlege verknader

Med omsyn til reinseanlegget, er dette allereie etablert, og føremålet med planen er kunn å regulere dagens situasjon. Det vurderast til at dette ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Med omsyn til lystbåthamner, omfattar planforslaget regulering av eksisterande småbåthamn, samt regulering av ei småbåthamn som er avsett i kommuneplanen.

Båthamna i nord, er ei eksisterande småbåthamn. Heile arealet har ei strandsone på om lag 260m, kor det er etablert brygge langs om lag 240m. Den delen som ikkje har etablert brygge, er avsett til småbåthamn i gjeldande plan. I planforslaget vil det være aktuelt å leggje til rette for båtplassar langs heile vasskanten, men det er ikkje planar om å leggje til rette for nye moloar eller flytebryggjer for å auke kapasiteten vesentleg.

Langs vatnet på nedsida av Hampetjønnvegen er det avsett areal til småbåthamn i kommuneplanen. Her ynskjer ein å detaljregulere denne. Det vil være mest aktuelt med flytebrygger med utriggarar, som kan tas opp frå vatnet utanfor sesongen. I planen vil ein også avsetje areal til vinterlagring av utriggarar/ flytebrygger.

Etablering av flytebrygge med utriggarar vil medføre minimale inngrep. Strandsona er her allereie påverka av den gamle jernbanen. Tiltaka vil i stor grad være reversible. Det er heller ikkje konfliktar med fisken bleke i området.

Tiltaka vurderast å ikkje medføre vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Konklusjon
Det er vurdert til at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter § 6 og § 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Byggetiltak er i all hovudsak i tråd med overordna plan. Nye tiltak for tursti og anna tilrettelegging vurderast å være i tråd med overordna føringar, og ha positive verknader for ålmennheita. Planen vurderast å ikkje få vesentlege negative verknader for miljø og samfunn.

Følgjande punkt vurderast som særleg viktige, for å belyse verknadane:

Naturtypekartlegging – det vil utarbeidast NiN-kartlegging av området (synfaring er allereie utført).
Kulturminner – omsyn til kulturminner vurderast i samråd med Agder fylkeskommune.
Vassmiljø, med fokus på konsekvensar for bleke – vurderingar utførast av kommunens fagpersonar.